



Vedtekter for Tokke kulturskule

1. Formål

Kulturskulen er forankra i opplæringslova: § 26 –1: Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet.

§ 26 – 2 : Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Tokke kulturskule har i tråd med dette som mål å gje innbyggjarane i kommunen eit fullverdig tilbod innan variera kulturelle uttrykk. I tillegg til individuelle tilbod for den einskilde, skal og kulturskulen vere ein ressurs for heile kommunen gjennom samarbeid med andre instansar og organisasjonar

2. Eigartilhøve og styring

Tokke kommune er eigar og drivar av Tokke kulturskule. Kulturskulen høyrer administrativt til under oppvekstetaten. Kulturskulerektor har det faglege, pedagogiske og administrative ansvaret for den daglege drifta.

3. Organisering

Kulturskulen skal gje eit desentralisert tilbod, og arbeide for at born i begge skulekrinsar får høve til å delta i kulturskulen sine aktivitetar.

Det må vera minst 3 enkeltelevar eller undervisningstid på minst 1,5 time dersom ein skal opprette og oppretthalde tilbod utanfor kommunesenteret Dalen.

Kulturskulen og skulane har sambruk av utstyr og instrument og kan nytte kvarandre sine læremidlar etter nærare avtale.

Kulturskulen har ofte små stillingsprosentar. Det bør difor leggjast til rette for kombinerte stillingar med grunnskulen og andre etatar.

4. Undervisning

4.1 Tokke kulturskule har 36 undervisningsveker, og har oppstart veka etter skulestart og avslutning veka før skulen sluttar i juni. Elles følgjer kulturskulen i utgangspunktet skuleruta for grunnskulen i Tokke kommune. I nokre tilfelle fell ordinær undervisning bort, t.d. i kulturveka.

4.2 Undervisninga kan organiserast både som individuell undervisning og gruppeundervisning. Ein undervisningstime er frå 22,5 til 30 min. Gruppeundervisning organiserast etter fagets natur, tal på elevar og aldersgruppe. Dei fleste gruppetimar er 45-60 min, og nokre lengre (t.d. kor og korps).

4.3 Kulturskuleundervisninga er organisert gjennom både individuell undervisning og gruppeundervisning, ut ifrå elevføresetnader- og ynskjer, lærarkapasitet og det einskilte fagets natur. Små grupper (1-4 elevar) definerast også som individuell undervisning. Elevar i individuell undervisning kan i tillegg få tilbud om undervisning i samspel/gruppe som ein naturleg del av kunstfagleg utvikling. Tilbod om både individuell undervisning og gruppeundervisning skal til ein kvar tid vera oppdatert på kommunens nettsider.

4.4 Gruppeundervisning og samspelsundervisning kan organiserast som eit prosjektilbod over ein kortare periode. Elevane vert ikkje automatisk overført til nye prosjektilbod, men må søke på nytt kvar gong.

4.5 Utvida tid i einetime og gruppe er del av vårt fordypningstilbod og kan gjevast der det er rom for og ynskje om det og etter vurdering av rektor og lærar.

4.6 Elevane får høve til å uttrykke seg gjennom ulike konsertar og utstillingar gjennom året. Dette er ein del av opplæringa i eit kulturskuleår. Den aktuelle veka det er mønstringar, kan det hende ordinær undervisning fell bort. Elevar som ikkje ynskjer å delta aktivt på tilstellinga, vert oppmuntra til å delta som publikum då dette også gjev god læring.

5. Elevvilkår

5.1 Elevar som har fått plass ved kulturskulen må innan 2 veker melde frå om dei tar plassen eller ikkje. Opptaket er bindande for eit semester.

5.2 Elevane skal møte presis og førebudd til timen.

5.3 Fråvære må meldast på førehand. Timar som fell bort grunna fråvær har eleven ikkje krav på å få att seinare. Elevar med gjentatt uanmeldt fråvær kan miste plassen sin.

5.4 Elevane skal vise god framferd i kulturskulen og rette seg etter dei krav som lærarane stiller. Føresette har høve til å fylgje undervisninga etter avtale med læraren.

5.5 Elevar som ikkje rettar seg etter kulturskulen sine vedtekter, kan bli utestengd frå undervisninga for kortare eller lengre tid. Slik avgjerd blir teken administrativt.

5.6 Om elevane deltek i offentleg/privat tilstelling og treng akkompagnement eller støtte av læraren sin, skal dette avklarast med rektor.

6. Økonomi

6.1 Elevkontingenten vert fastsett av kommunestyret.

6.2

<Individuelle timar (30 min) – kr. 3 407,- pr. år (kr 1 703,- pr. halvår)

<Liten gruppe (45-60 min) – kr 1 789- pr. år (kr 895- pr. halvår)

<Stor gruppe (dans, visuell kunst, kor) – kr 1 030,- pr. år (kr 515,- pr. halvår)

<Leige av instrument – kr 400,- pr. semester (NB! Den einskilde må forsikre instrumentet – innbuforsikring)

Syskenmoderasjon:

1. Born: Full pris

2. Sysken:: 50% rabatt for born nr. 2, 3 osv. på 1. tilbod, full pris frå 2.tilbod.

Vaksne (over 18 år):

<Individuelle timar (30 min) Kr 4337,- pr år, (kr 2168,- pr. halvår)

<Liten gruppe Kr 2275,- pr år (kr 1137,- pr. halvår)

<Stor gruppe Kr 1318- pr år (kr 659,- pr. halvår)

Elevkontingenten skal betalast kvart halvår. Det vert ikkje gjeve rabatt på kortkurs.

6.3 Utmeldingar som kjem i tidsrommet 01.06 - 01.08 same år, treng ikkje å betale for heile semesteret, men blir fakturert 300,- for sein utmelding.

6.4 Korps og kor nyttar dirigent gratis, også ved offentlege arrangement og konsertar, og avklarar tidsbruk i møte med rektor gjennom ein framlagt årsplan.

6.5 Elevane har ansvar for kulturskulen sine instrument og anna utstyr når dei lånar desse. Skade på instrument må erstattast etter avtale.

6.6 Lærar kan be eleven om å kjøpe lærebok eller anna notemateriale, og dette må eleven betale sjølv.

6.7 For enkelte fag kjem materialavgift i tillegg kvart halvår.

6.8 Etter prøvetid på 3 timar skal kontingenten betalast for heile semestret ,sjølv om eleven sluttar i løpet av semestret.

6.9 Dersom meir enn 15% av undervisningstimane fell bort i løpet av semesteret, blir det gitt reduksjon i kontingenten. Misleghald av kontigentinnbetaling kan føre til tap av elevplass.

7.Opptak

7.1 Tokke Kulturskule er open for born og ungdom og vaksne som bur i Tokke kommune. Elevar frå andre kommunar kan bli tatt opp dersom det er ledig plass.
7.2 Kulturskulen tilbyr gratis plassar til elevar ved Vest-Telemark VGS og medlemmer i korpsa. Nyankomne flyktningar får gratis undervisingstilbod i to samanhengande semester i løpet av det fyrste året etter tilflytting til kommunen. Familiar som tener under 4 G kan søkje oppvekstsjef om gratis plass i kulturskulen
7.3 Opptak skjer for kvart skuleår. Både søknad og oppseiing av plassen skal skje skriftleg gjennom fagsystemet SpeedAdmin. Hovudopptak for hausthalvåret er 01.06 og 01.12 for vårhalvåret. Det tas opp elevar fortløpande så lenge det er ledig kapasitet.
7.4 Elevar som ikkje ynskjer å halde fram med tilbodet, må innan 01.06 for haustsemesteret og 01.12 for vårsemesteret, seie opp plassen sin skriftleg gjennom fagsystemet SpeedAdmin.
7.5 Elevane har 3 timars prøvetid. Det vert då vurdert av føresette og lærar om eleven skal fortsette. Etter dette har eleven fast plass i kulturskulen og blir automatisk overført frå haust til vårsemesteret.
7.6 Elevar i skulealder (6-19) er hovudmålgruppa i kulturskulen. Vi prioriterer elevar som ikkje har plass på eit tilbod over dei som allereie har ein plass i kulturskulen. Ved venteliste prioriterast då desse fyrst, og deretter går ein etter søkjertidspunkt. Er det rom for det, kan vaksne og deretter innbyggjarar frå andre kommunar søkje plass. Desse kan miste plassen sin ved semesterskifte om kulturskulen får søkjarar som skal prioriterast ved nytt opptak.
Ved særskilde behov kan ein opne for å ta i inn elevar utanom desse kriteria.
7.7 Søkjar får tilbakemelding på at søknad er motteken i løpet av 14 dagar.
7.8 Elevplassen er personleg og kan ikkje dragast over til andre.
7.9 Føresette pliktar å halde elev- og føresetteinformasjon korrekt i fagsystemet SpeedAdmin.
7.10 Ulike tilbod har ulik målgruppe og aldersgrense. Dei fleste tilbod med individuelle timar i kulturskulen er frå 3.klasse og oppover, men etter nærare avtale kan ein få prøvetimar og eventuelt fast plass sjølv om ein er utanfor aldersgrensa. Informasjon om aldersgrenser ved ulike tilbod skal vera oppdatert på kommunens heimeside.

8. GDPR

8.1 Tokke kulturskule pliktar å handtere persondata for elevar med varsemnd
8.2 Kulturskulen nyttar fagsystemet SpeedAdmin som er det mest bruka fagsystemet for kulturskule i landet, og kulturskulen har, saman med SpeedAdmin, ansvar for digitale data, sletting etter reglar og arkivering av kommunale hensyn.
8.3 Alle elevar i kulturskulen må svare på spørsmål om bruk av bilete og lyd når dei melder seg inn. Svaret kan endrast på eleven si SpeedAdmin-side, skulle ein ynskje å endre svaret sitt.